





# Budsjett 2024 og Økonomiplan 2024 – 2027

- 5. desember 2023







# Spørsmål og svar:

## Spørsmål:

Såvidt eg kan sjå er det kun beskreve samla kostnader for dei ulike tenesteområda. For meg vil det være interessant å bryte dette ned på kontonivå og gjerne ei oversikt over kva tilsette som ligg til grunn for tala. Er dette noko de har liggande?

## Svar:

Detaljbudsjettet vert utarbeidd i etterkant av budsjettvedtaket, vanlegvis i løpet av januar. Dette vert ikkje delt med politikarar eller andre sidan politikarane berre skal vedta og styre budsjettet på rammenivå, ikkje på detaljnivå. Det er innanfor kommunedirektøren sitt ansvarsområde å fordele ramma best mogleg innanfor eit kommunalområde og då vil flytting mellom kontoar kunne skje for å nytte ramma mest mogleg effektivt og der det er behov. Det same gjeld kva tilsette som ligg til grunn for tala.



# Spørsmål og svar:

## Spørsmål:

Kva folketalsauke legg de til grunn for budsjettplanen mot 2027?

## Svar:

Det er rekna med eit innbyggartal pr. 1. januar på 11 048 kvart år i økonomiplanperioden.

Forklaringa på kvifor dette ikkje vert endra er den same som kvifor vi ikkje justerer for inflasjon som du finn under avsnittet Kapitalutgifter og inflasjon under overskrifta Hovudtala i budsjettforslaget.

Innbyggartilskotet og utgiftsutjamninga nyttar innbyggartalet pr. 1. juli året før budsjettåret som grunnlag for tildeling. Inntektsutjamninga tek utgangspunkt i skatteinntekter pr. innbyggjar og det er innbyggartalet pr. 1. januar i budsjettåret som vert nytta i utrekningane.

Dette betyr t.d. at ei endring i innbyggartalet i 2. halvår 2023 vil påverke inntektsutjamninga i 2024, medan den ikkje vil påverke innbyggartilskotet og utgiftsutjamninga før i 2025.

Til slutt er det kommunen sitt innbyggartal relativt til landet som gir utslag i inntektssystemet.

Folketalet pr. 1. januar 2023 var på 10 929 og pr. 1. juli 2023 var det på 10 972.



# Spørsmål og svar:

## Spørsmål:

I investeringskartet finn eg kommentarar som kan framstå som eldre. Kan dette stemme? Til dømes når det gjeld sambindingsveg Mosflata står der følgjande: "Førebels ikkje prioritert i planstrategien. Har ikkje avklara kostnadsramme. Planlegging, innløyising grunn og bygging i løpet av 2019-2022. Deler av prosjektet er fylkesveg og om kommunen regulerer er det for å legge til rette for fylkeskommunal prioritering eller 50/50-prosjekt. Resten av strekninga er pr. no tenkt å vere kommunal veg. Behov for opp mot 10 dekar til innløyising av veg, fortau/gangveg."

## Svar:

Dette er den opphavlege teksta frå 23.04.2018 då dette investeringsprosjektet vart laga med planlagt bygging i 2019-2022. Sidan har prosjektet vorte utsett fleire gongar utan at teksten har vorte oppdatert. Investeringsplanen viser at denne no er planlagt bygt i 2027-2029. Vi kan ikkje endre innhaldet i ei investering utan politisk vedtak, men meiner det bør vere uproblematisk å oppdatere t.d. årstal og framdriftsplan. Eg vil difor melde det tilbake til prosjektleiarane som har ansvaret for dette og be om oppdatering av innhaldet ved den årlege revideringa av investeringsplanen. I tertialrapportane og årsrapporten vert det lagt inn kommentar om oppdatert status på alle pågåande investeringsprosjekt.





# Spørsmål og svar:

## Spørsmål:

Det er lagt inn investeringskostnader til ny gangbru frå Ose til Velle med oppstart i 2025. Kan ikkje finne noko politisk beslutning tilknytta denne saka. Er du kjent med at det er gjort vedtak? Fleire snakkar om å legge heile sambindingsvegen ned dit, så her gjeld det å slå to fluer i en smekk om ein kan. Det vil være uheldig om det kjem gangbru i 2025 og kanskje bilveg i 2027 ved sidan av.

## Svar:

Bakgrunnen for dette er at ein ynskjer å skilje fotgjengarar og trafikk. Kommunen ynskjer ikkje å vente til ny veg kanskje kjem om nokre år, difor er det foreslått eit eige kommunalt prosjekt på dette.

I sak 53/23 Investeringsplan 2024 – 2033 vedtok kommunestyret den 15.06.2023 følgjande: «Ørsta kommunestyre vedtek framlegget til investeringsplan for 2024-2033 slik den ligg føre i vedlegget “Forslag til ny inv.plan 2024-2033”.» I det aktuelle vedlegget finn du prosjektet på side 3 i tabellen Ymse under prioritet 4.

Sjølv om prosjektet er vedteke i investeringsplanen og framlegget til budsjett er basert på denne, så er det likevel **det endelege budsjettvedtaket kvart år** som er avgjerande for om eit prosjekt skal gjennomførast.



# Spørsmål og svar:

## Spørsmål:

Ørsta SV kjem til å legge inn i budsjettsamanheng eit framlegg om at det skal innførast ein sosial profil på eigedomsskatten, tilsvarande det som er innført i Volda kommune.

For å kunne vurdere inndekning treng vi å vite eit estimat over kva dette vil koste, både ved 2 promille og 3 promille. Det blir sagt at kostnaden i Volda kommune (ved 3 promille) er om lag kr. 400.000,-.

## Svar:

KS har utalt seg om dette og det kan være fornuftig at ein har retningslinjer som fremmar likehandsaming – Inntektene må knytte seg husstandens samla inntekter – det er viktig at retningslinjene ikkje vert nytta som bindande reglar som fører til automatisk ettergjevnad eller avslag. Det må gjerast **konkret vurdering i kvart einskild tilfelle**, opp mot lova sitt formål, eigedomsskatten § 28 opnar ikkje for generell nedsetjing.

Eit inntektstap er vurdert til å verte mindre enn 400.000





# Spørsmål og svar:

## Spørsmål:

- I budsjettframlegget er det forslag om nedskjering av tilsette i barnehage og skule. Er det slik at ein med dei planlagte kutta vil kunne oppretthalde krav til bemanningsnormene? Skal kutta gå av styrkingsressursane, og korleis tenker ein at dette skal kunne gjerast utan at det vil få store og uforsvarlege konsekvensar for både borna som blir råka og tilsette?

## Svar:

For å møte tildelt ramme er det desse tiltaka som må til. Vi må oppretthalde bemanningsnormene. Dei er lovfesta. For inneverande barnehage- og skuleår held vi normene. For neste barnehage- og skuleår er det vanskeleg å svare no. Planlegging startar i januar. Då ser ein betre kva som er mogleg å få til. Dette budsjettet gir 0 handlingsrom, og tiltaka for å tilpasse drifta til ramma vil merkast. Når vi har lagt den lovpålagde grunnbemanninga, er det ikkje anna enn styrkingsressursar igjen. Driftsmidlane utover lønsmidlar er redusert langt meir enn tilrådeleg, og gjer at alle utgifter må vurderast særst nøye.

Kva gjer vi for å unngå at dette får store og uforsvarlege konsekvensar for born og tilsette? Kva som er uforsvarleg vil vere eit skjønsspørsmål, men det ligg i forvaltninga av tenester at desse skal vere forsvarlege. Vi vil ikkje ha ressursar til uføresette utgifter med dette budsjettet. Vi skal jobbe i lag med tenesteleiarane for å sjå korleis vi kan ta ned driftsutgiftene for å møte tildelt ramme.

Tiltak kommunestyret kan gjere er å sjå på strukturen i tenestene – det gjeld tal driftseiningar, opningstider, feriestenging, samle SFO-drifta på dei største skulane, barnehagetilbod i samsvar med lova, ta ned tilbodet til ungdom, redusere kulturskulen, minimere opningstider på biblioteket, kino berre på dagtid ...



## Spørsmål og svar:

### Spørsmål:

- NAV - kva status har innhenting av refusjon av sjukepengar? Kor mykje blir bokført som tap i 2023?

### Svar:

- NAV har lang saksbehandlings tid 11 til 16 månadar.
- 02.12.23 mottok vi refusjon frå NAV på kr: 3.296.512,- gjaldt 2021,2022 og 2023.
- Ein kan ikkje svare på kor mykje som blir tapsført i 2023. Fordi vi framleis får refusjon som gjeld 2023.
- Tap kan også vere urette krav, eller knytt til feilføringar frå tilsette



# Spørsmål og svar

## Spørsmål:

- Kva skjer med tilskottet (tilsegn) på 8.7 mill frå Husbanken til ombygging av 3. etasje på Ørstaheimen? Dei som må bu i gamle Bakke-tun, austdelen i bygget, har rett til individuell tilrettelegging for å meistre kvardagen. Her har kommunen ei plikt . Å fjerne tersklar for bebuarane gir meir effektiv drift.

## Svar:

Det er avsett 17,259 mill brutto på investeringsbudsjettet for 2023 og 3,4 mill for 2024. Tilskotet frå Husbanken på 8,7 mill, er ein del av dette og er knytt til bygging av 7 nye sjukeheims plassar på Ørstaheimen. Dersom dei ikkje vert bygde fell tilskotet bort og avsette investeringsmidlar går ut.

Oppgradering brannsikring er inkludert i bruttobeløpet med kr.5.590.250,-

Ombygging av roma i austdelen frå 6 rom til 4 er ikkje del av dette prosjektet.



## Spørsmål og svar:

### Spørsmål:

Dette er noko av det som må snarleg utbetrast i kyrkjene. Er noko av dette lagt inn i budsjettet?

- Hjørundfjord kyrkje: Nytt wc og avlaup ca 50 000,- + mva.
- Alle tre kyrkjene: Ny varmestyring, totalt ca kr 165 000,- + mva.
- Ørsta kyrkje: Ny ringeautomatikk, kostnad ca 95 000,- + mva.
- Ørsta kyrkje: Kjøken i kjellaretasje er frå 70-talet og ikkje tenleg til dagens bruk.
- Ørsta kyrkje: Naudlys/ledelys ikkje tilfredsstillande og bør skiftast ut.

### Svar:

Så vidt vi kan sjå var ikkje noko av dette nemnt i Ørsta kyrkjelege fellesråd sitt framlegg til driftsbudsjett 2024 og dermed er ikkje dette lagt inn i budsjettet. Fellesrådet sitt framlegg var basert på dagens drift og framsto nøkternt med ei ramme på kr 5,8 mill. I kommunedirektøren sitt framlegg vart summen auka til kr 5,863 mill. for å dekke auka utgifter til renter og avdrag då det etter vår vurdering ikkje var teke nok høgde for dette i framlegget frå fellesrådet





# Spørsmål og svar:

## Spørsmål:

Fellesrådet har meldt inn behov for 3,7 mill for 2024 til investering, fordelt på:

- 3 mill til namna minnelund på Askjellhaugen for ca 200 urnegraver. Her er det også berekna inn nokre kostnader til naudsynt arbeid med drenering, og til reparasjon av gjerde på gravplassane.
- 700 000,- til oppstart av utvendig vøling Ørsta kyrkje, reparasjon av råte og ny måling.

Ligg dette inne i budsjettet?

## Svar:

Nei. Dei siste åra har ikkje Ørsta kommune gjennomført låneopptak på vegne av Ørsta kyrkjelege fellesråd, men i staden stilt kommunal garanti for slike lån.



# Status økonomi:

- Prognose 2023 pr. august

- Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

- Investeringar, lån og minimumsavdrag



# Tal frå tertialrapporten pr. august 2023

Beløp i 1000

|                                    | Opph. bud.<br>2023 | Rev. bud.<br>2023 | Årsprognose | Awik<br>prognose i kr |
|------------------------------------|--------------------|-------------------|-------------|-----------------------|
| Politikk                           | 6 468              | 6 637             | 6 035       | 602                   |
| Kommunedirektør og stab            | 31 820             | 33 774            | 33 738      | 36                    |
| Oppvekst, kultur og<br>inkludering | 286 316            | 306 307           | 312 018     | -5 711                |
| Helse, omsorg og velferd           | 324 085            | 334 172           | 371 502     | -37 330               |
| Teknisk, eigedom og<br>landbruk    | 70 338             | 73 787            | 74 111      | -324                  |
| Andre område                       | 4 198              | 9 328             | 1 961       | 7 367                 |
| Skatt og finans                    | 0                  | 0                 | 0           | 0                     |
| Sum løyvingar drift, netto         | 723 225            | 764 005           | 799 365     | -35 360               |



# Tal frå tertialrapporten pr. august 2023

Beløp i 1000

|                                      | Opph. bud. 2023 | Rev.bud. 2023 | Årsprognose | Avvik prognose i<br>kr |
|--------------------------------------|-----------------|---------------|-------------|------------------------|
| Rammetilskot                         | -404 635        | -406 548      | -403 686    | -2 862                 |
| Inntekts- og formuesskatt            | -325 026        | -329 599      | -345 237    | 15 638                 |
| Eigedomsskatt                        | -21 944         | -21 238       | -20 828     | -410                   |
| Andre generelle driftsinntekter      | -39 125         | -38 526       | -51 291     | 12 765                 |
| Sum generelle driftsinntekter        | -790 730        | -795 911      | -821 041    | 25 130                 |
| Korrigert sum løyvingar drift, netto | 723 225         | 763 314       | 799 365     | -36 051                |
| Avskrivningar                        | 54 224          | 54 224        | 53 220      | 1 004                  |
| Sum netto driftsutgifter             | 777 449         | 817 538       | 852 586     | -35 048                |
| Brutto driftsresultat                | -13 281         | 21 627        | 31 544      | -9 917                 |

Driftsinntekter: Kr 25,1 mill. i meirinntekt

Driftsutgifter: Kr 36,1 mill. i meirforbruk

Avskrivningar: Kr 1,0 mill. meir enn budsjettert

Brutto driftsresultat: Kr 10,0 mill. i meirforbruk





## Tal frå tertialrapporten pr. august 2023

|   | Opph. bud. 2023 | Rev.bud. 2023 | Årsprognose   | Avvik prognose i<br>kr |
|---|-----------------|---------------|---------------|------------------------|
| Renteinntekter                                  | -10 614         | -10 614       | -21 376       | 10 762                 |
| Utbytte   | -14 200         | -17 297       | -17 297       | 0                      |
| Gevinstar og tap på finansielle<br>omløpsmiddel | 0               | 0             | 0             | 0                      |
| Renteutgifter                                   | 53 670          | 53 670        | 61 035        | -7 365                 |
| Avdrag på lån                                   | 46 995          | 46 995        | 49 543        | -2 548                 |
| <b>Netto finansutgifter</b>                     | <b>75 851</b>   | <b>72 754</b> | <b>71 905</b> | <b>849</b>             |
| Motpost avskrivingar                            | -54 224         | -54 224       | -53 220       | -1 004                 |
| <b>Netto driftsresultat</b>                     | <b>8 346</b>    | <b>40 157</b> | <b>50 229</b> | <b>-10 072</b>         |

Finansutgifter: Kr 0,9 mill. i mindreforbruk

Motpost avskrivingar: Kr 1,0 mill.

Netto driftsresultat: Kr 10,1 mill. i meirforbruk



# Tal frå tertialrapporten pr. august 2023

|  | Opph. bud. 2023 | Rev.bud. 2023 | Årsprognose | Avvik prognose i<br>kr |
|--|-----------------|---------------|-------------|------------------------|
| <b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b> |                 |               |             |                        |
| Overføring til investering                               | 0               | 0             | 0           | 0                      |
| Avsettingar til bundne driftsfond                        | 10 200          | 9 517         | 3 284       | 6 233                  |
| Bruk av bundne driftsfond                                | -14 894         | -14 398       | -4 338      | -10 060                |
| Avsettingar til disposisjonsfond                         | 0               | 0             | 0           | 0                      |
| Bruk av disposisjonsfond                                 | -3 652          | -35 276       | -49 175     | 13 899                 |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen | 0               | 0             | 0           | 0                      |
| Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat  | -8 346          | -40 157       | -50 229     | 10 072                 |
| Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)       | 0               | 0             | 0           | 0                      |

Netto overført til sjølvkostfond: Kr 3,8 mill.

Bruk av disposisjonsfond:  
Kr 13,9 mill. meir enn budsjett, totalt kr 49,2 mill.

Sum disponeringar: Kr 10,1 mill.

Framført til inndekning seinare år: Kr 0,0 mill.



## Tal til budsjettet – Finansutgifter

| Finansutg.                  | 2022              | 2023               | 2024               | 2025               | 2026               | 2027               |
|-----------------------------|-------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Renteutgifter               | 22,8 mill.        | 59,4 mill.         | 81,5 mill.         | 87,3 mill.         | 82,3 mill.         | 69,3 mill.         |
| Avdrag                      | 43,7 mill.        | 49,5 mill.         | 57,8 mill.         | 64,7 mill.         | 60,9 mill.         | 66,0 mill.         |
| <b>Sum fin.utg.</b>         | <b>66,5 mill.</b> | <b>108,9 mill.</b> | <b>139,3 mill.</b> | <b>152,0 mill.</b> | <b>143,2 mill.</b> | <b>135,3 mill.</b> |
| Auke fin.utg. frå nivå 2022 |                   | 42,4 mill.         | 72,8 mill.         | 85,5 mill.         | 76,7 mill.         | 68,8 mill.         |

- I tillegg startar vi med ein minus i 2023 på 49,2 mill. i bruk av disposisjonsfond.



## Tal til budsjettet – Disposisjonsfond

|                                   |                        |  |
|-----------------------------------|------------------------|--|
| • Saldo pr. 31.12.2022            | Kr 103,8 mill.         |  |
| • <u>Prognose 2023 pr. august</u> | <u>Kr – 49,2 mill.</u> |  |
| • Saldo pr. 31.12.2023            | Kr 54,6 mill.          |  |
| • <u>Budsjett 2024 (førebel)</u>  | <u>Kr – 35,0 mill.</u> | Reduksjon 14,2 mill. i forhold til 2023    |
| • Saldo pr. 31.12.2024            | Kr 19,6 mill.          |  |
| • <u>Øk.plan 2025 (førebel)</u>   | <u>Kr – 15,0 mill.</u> | + Reduksjon 20,0 mill. = 34,2 mill. totalt |
| • Saldo pr. 31.12.2025            | Kr 4,6 mill.           |  |
| • <u>Øk.plan 2026 (førebel)</u>   | <u>Kr 0,0 mill.</u>    | + Reduksjon 15,0 mill. = 49,2 mill. totalt |
| • Saldo pr. 31.12.2026            | Kr 4,6 mill.           |  |
| • <u>Øk.plan 2027 (førebel)</u>   | <u>Kr 10,0 mill.</u>   | + Reduksjon 10,0 mill. = 59,2 mill. totalt |
| • <u>Saldo pr. 31.12.2027</u>     | <u>Kr 14,6 mill.</u>   |  |





## Investeringar (brutto)

- Opphavleg budsjett 2023                      kr 128,6 mill.
- Rebudsjettert frå 2022 til 2023              kr 165,2 mill. (framlegg)
- Auka løyvingar i 2023                          kr 8,1 mill. (inkl. endring rebudsj.)
- Gjeldande budsjett 2023                      kr 301,9 mill.
  
- Bokført pr. august 2023                      kr 122,8 mill. (40,7 %)
  
- Budsjett 2024    kr 299,2 mill. + rebudsjettering. Realistisk?



## Utfordring – urealistiske budsjett på investering

- Lovkrav. Kommuneloven § 14-4 Økonomiplan og årsbudsjett:
  - *Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være **realistiske**, fullstendige og oversiktlige*
- For ambisiøse investeringsplanar fører til
  - Urealistiske driftsbudsjett – for høge renter, avdrag og avskrivningar
  - Uklare prioriteringar – ved manglande kapasitet til gjennomføring, kva vert prioritert?
  - For høge låneopptak – for mykje ubrukte lånemidlar
- Redusere eller utsetje investeringar
  - 50 % av sum investeringar kjem frå store investeringar som må prioriterast (?)
  - 50 % av sum investeringar kjem frå mindre investeringa som bør utsetjast i 1 – 2 år (?)



# Utfordring – aukande lånegjeld

## Akkumulert lånesaldo inkl. sjølvkost og startlån (tal i mill. kr)

| År                 | 2023  | 2024  | 2025  | 2026  | 2027  | 2028  | 2029  | 2030  | 2031  | 2032  | 2033  | Sum   |
|--------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Investeringslån IB | 1 424 | 1 541 | 1 831 | 2 055 | 2 235 | 2 255 | 2 275 | 2 249 | 2 217 | 2 191 | 2 166 |       |
| Årets låneopptak   | 166   | 348   | 291   | 247   | 97    | 105   | 60    | 54    | 60    | 59    | 46    | 1 533 |
| Minimumsavdrag     | -50   | -58   | -68   | -67   | -77   | -85   | -85   | -86   | -86   | -84   | -83   | -828  |
| Netto endring lån  | 117   | 290   | 224   | 180   | 20    | 20    | -26   | -32   | -26   | -25   | -37   | 705   |
| Investeringslån UB | 1 541 | 1 831 | 2 055 | 2 235 | 2 255 | 2 275 | 2 249 | 2 217 | 2 191 | 2 166 | 2 128 |       |

## Akkumulert lånesaldo ekskl. sjølvkost og startlån (tal i mill. kr)

| År                 | 2023  | 2024  | 2025  | 2026  | 2027  | 2028  | 2029  | 2030  | 2031  | 2032  | 2033  | Sum   |
|--------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Investeringslån IB | 1 208 | 1 255 | 1 500 | 1 676 | 1 816 | 1 801 | 1 790 | 1 735 | 1 674 | 1 619 | 1 566 |       |
| Årets låneopptak   | 90    | 295   | 235   | 198   | 52    | 63    | 18    | 12    | 18    | 17    | 4     | 1 001 |
| Minimumsavdrag     | -43   | -50   | -59   | -58   | -67   | -73   | -73   | -73   | -72   | -70   | -69   | -707  |
| Netto endring lån  | 47    | 246   | 176   | 139   | -15   | -10   | -55   | -61   | -55   | -53   | -65   | 294   |
| Investeringslån UB | 1 255 | 1 500 | 1 676 | 1 816 | 1 801 | 1 790 | 1 735 | 1 674 | 1 619 | 1 566 | 1 501 |       |



## § 5-4 Oversikt løyvingar til drift (1A)

Beløp i 1000

|  | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett<br>2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 |
|--|----------------|------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Rammetilskot                             | -380 841       | -404 635               | -441 600     | -446 995     | -446 998     | -447 010     |
| Inntekts- og formuesskatt                | -345 713       | -325 026               | -359 333     | -359 333     | -359 333     | -359 333     |
| Eigedomsskatt                            | -19 719        | -21 944                | -34 000      | -47 200      | -49 400      | -51 600      |
| Andre generelle driftsinntekter          | -48 884        | -39 125                | -66 432      | -66 360      | -66 295      | -66 295      |
| Sum generelle driftsinntekter            | -795 157       | -790 730               | -901 365     | -919 888     | -922 026     | -924 238     |
| Korrigert sum løyvingar drift, netto     | 731 660        | 723 225                | 825 506      | 816 542      | 817 003      | 822 623      |
| Prognose 2023: 799 365 Vekst 2024: 3,2 % |                |                        |              |              |              |              |
| Avskrivningar                            | 49 517         | 54 224                 | 61 054       | 69 712       | 65 378       | 71 778       |
| Sum netto driftsutgifter                 | 781 177        | 777 449                | 886 560      | 886 254      | 882 381      | 894 401      |
| Brutto driftsresultat                    | -13 980        | -13 281                | -14 805      | -33 634      | -39 645      | -29 837      |



## § 5-4 Oversikt løyvingar til drift (1A)

Beløp i 1000

|  | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett<br>2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 |
|--|----------------|------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Renteinntekter                               | -3 944         | -10 614                | -9 693       | -9 693       | -9 693       | -9 693       |
| Utbytte                                      | -15 258        | -14 200                | -19 700      | -24 900      | -29 400      | -34 900      |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel | -1             | 0                      | 0            | 0            | 0            | 0            |
| Renteutgifter                                | 22 751         | 53 670                 | 81 545       | 87 331       | 82 319       | 69 299       |
| Avdrag på lån                                | 43 681         | 46 995                 | 57 767       | 64 743       | 60 932       | 66 044       |
| Netto finansutgifter                         | 47 230         | 75 851                 | 109 919      | 117 481      | 104 158      | 90 750       |
| Motpost avskrivningar                        | -49 517        | -54 224                | -61 054      | -69 712      | -65 378      | -71 778      |
| Netto driftsresultat                         | -16 267        | 8 346                  | 34 060       | 14 135       | -865         | -10 865      |



## § 5-4 Oversikt løyvingar til drift (1A)

Beløp i 1000

|  | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett<br>2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 |
|--|----------------|------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| <b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b> |                |                        |              |              |              |              |
| Overføring til investering                               | 2              | 0                      | 0            | 0            | 0            | 0            |
| Avsettingar til bundne driftsfond                        | 17 578         | 10 200                 | 15 583       | 15 584       | 15 584       | 15 584       |
| Bruk av bundne driftsfond                                | -17 909        | -14 894                | -14 719      | -14 719      | -14 719      | -14 719      |
| Avsettingar til disposisjonsfond                         | 47 751         | 0                      | 0            | 0            | 0            | 0            |
| Bruk av disposisjonsfond                                 | -31 156        | -3 652                 | -34 925      | -15 000      | 0            | 10 000       |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen | 0              | 0                      | 0            | 0            | 0            | 0            |
| Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat  | 16 267         | -8 346                 | -34 060      | -14 135      | 865          | 10 865       |
| Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)       | 0              | 0                      | 0            | 0            | 0            | 0            |

- Budsjettert bruk av disposisjonsfond er redusert frå 50 mill. i 2023 til 35 mill. i 2024 og 15 mill. i 2025



## § 5-4 Oversikt løyvingar til drift, netto - fordelt (1B)

Beløp i 1000

|                                 | Årsprognose<br>2023 | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett<br>2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 |
|---------------------------------|---------------------|----------------|------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Politikk                        | 6 035               | 4 696          | 6 468                  | 6 699        | 7 188        | 6 687        | 7 188        |
| Kommunedirektør og stab         | 33 738              | 30 069         | 31 820                 | 36 168       | 36 168       | 36 211       | 36 440       |
| Oppvekst, kultur og inkludering | 312 018             | 280 724        | 286 316                | 332 265      | 328 224      | 328 614      | 330 690      |
| Helse, omsorg og velferd        | 371 502             | 344 308        | 324 085                | 367 404      | 362 935      | 363 367      | 365 662      |
| Teknisk, eigedom og landbruk    | 74 111              | 71 340         | 70 338                 | 77 620       | 76 677       | 76 768       | 77 253       |
| Andre område                    | 1 961               | 524            | 4 198                  | 5 352        | 5 352        | 5 358        | 5 392        |
| Skatt og finans                 | 0                   | 0              | 0                      | 0            | 0            | 0            | 0            |
| Sum løyvingar drift, netto      | 799 365             | 731 660        | 723 225                | 825 506      | 816 542      | 817 003      | 822 623      |

Prognose 2023: 799 365 Vekst 2024: 3,2 %

- NB! Alle tal er ekskl. mva (netto drift)





## § 5-5 Oversikt løyvingar til investering (2A)

Beløp i 1000

|   | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett<br>2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 |
|---|----------------|------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Investeringar i varige driftsmiddel         | 237 717        | 126 212                | 283 179      | 337 905      | 286 825      | 112 538      |
| Tilskot til andre sine investeringar        | 205            | 0                      | 0            | 0            | 0            | 0            |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 2 101          | 2 400                  | 2 400        | 2 400        | 2 500        | 2 500        |
| Utlån av egne midlar                        | 0              | 0                      | 0            | 0            | 0            | 0            |
| Avdrag på lån                               | 0              | 0                      | 0            | 0            | 0            | 0            |
| Sum investeringsutgifter                    | 240 023        | 128 612                | 285 579      | 340 305      | 289 325      | 115 038      |

- NB! Alle tal er inkl. mva (brutto investering)
- Dersom ein reduserer investeringane med 100 mill. reduserer ein vanlegvis låneopptaket med 80 mill.
- Investeringane kan også vere finansierte av eksterne midlar eller sal



## § 5-5 Oversikt løyvingar til investering (2A)

Beløp i 1000

|   | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett<br>2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 |
|---|----------------|------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Kompensasjon for meirverdiavgift        | -41 713        | -13 710                | -42 066      | -42 711      | -44 505      | -16 608      |
| Tilskot frå andre                       | -10 113        | -2 400                 | -4 532       | -8 134       | -400         | -3 066       |
| Sal av varige driftsmiddel              | -8 994         | -12 000                | -4 400       | -13 700      | -13 400      | -14 000      |
| Sal av finansielle anleggsmiddel        | 0              | 0                      | 0            | 0            | 0            | 0            |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midlar | 0              | 0                      | 0            | 0            | 0            | 0            |
| Bruk av lån                             | -178 733       | -98 102                | -232 181     | -273 360     | -228 520     | -78 864      |
| Sum investeringsinntekter               | -239 552       | -126 212               | -283 179     | -337 905     | -286 825     | -112 538     |

- Budsjettet låneauke er høgare enn dei årlege avdraga på 50–80 mill.
- Med vedteken investeringsplan vil gjelda halde fram å auke
- Vil føre til auka renteutgifter som må dekkast inn med å redusere driftsnivået og auke inntektene



# Investeringsbudsjett 2024 - 2027

**Dette kan ikke flyttast/utsettast:**

- Velle skule (2024: 108,5 mill)
- Velle skule, inventar og skjermar mm (2024: 7,3 mill)
- Trafikktrygging (2024: 2,8 mill)
- Vegar/opprusting 2,5 mill pr år (driftsbesparande)
- IKT breiband, tilskot og moms utgjer kr 14 mill av totalt 15,7
- Kjøp av andelar KLP (pliktig, ikkje lånefinansiert)
- Geodataplan (0,5 mill sjølvfinansierande)
- VA oppgradering Ørsta og Hovdebygda (20 mill sjølvkost)



# Investeringsbudsjett 2024 - 2027

## Dette bør ikke flyttast/utsettast:

- ØKKS
- Sentrum barnehage heng saman med ØKKS (2027: 31 mill)
- Gatelys (kan redusere til 1,5 mill pr år)
- Fremre Mo B10 (2024: 5 mill, 2025: 22mill)
- IKT skule (1 mill til fornying pr år)
- Grunn tomter Sæbø sentrum (2024: 3 mill)
- Grunn til gangveg Bakk-Ola (Langebakkane 2024: 0,5 mill)
- Liadal infrastruktur (2024: 5,1 mill)
- 4 mill tettstadsutvikling (Havtor Hovdens plass) må nyttast til Veg Vikøyrane
- IKT velferdsteknologi (1 mill pr år)
- IKT investeringar (0,8 mill pr år)
- Brannøvingsanlegg Melsgjerdet (vil truleg gi inntekter som dekker finansiering?)



